



Integrerings- og mangfoldsdirektoratet
Postboks 8059 Dep
0031 OSLO

Vår referanse
20/6378 22/6337

Din referanse

Sakshandsamar
Sonja Håvik

Dato
31.03.2022

Melding om vedtak - Ekstraordinær busetting av flyktingar som følgje av situasjonen i Ukraina

Kommunestyret har i møte 31.03.2022, sak 19/22, fatta følgjande vedtak:

1. Volda kommunestyre vedtek å busette totalt 150 flyktingar i 2022. Vedtaket inkluderer ikkje busetting av einslege mindreårige flyktingar (EM), med mindre dei har nær slekt i Volda. Busettingstalet på 150 flyktingar inkluderer dei 50 som kommunestyret allereie har fatta vedtak om i sak 11/22, i møte 10.03.2022. Familiesameiningar kjem i tillegg.
2. Kommunestyret syner til sak 11/22 og viser til at busetting utover 25 flyktingar er knytt til situasjonen som har oppstått i Ukraina og behovet for å busetje ukrainske flyktingar.
3. Volda kommunestyre er innforstått med at eit så stort antal flyktingar på eitt år er ei krisehjelp til ei hardt ramma gruppe. Tenestene i Volda kommune må delast på fleire, og innbyggjarane må vere budd på lenger ventetid og reduksjon i tenestetilbodet.
4. Kommunedirektøren disponerer plassane innanfor vedtaket ut i frå busettingsbehov, kapasitet i tenestene og ramma av statlege finansieringsordningar for busetting og integrering av flyktingar.
5. Administrasjonen får fullmakt til å gjere nødvendige tiltak for å kunne yte tenester til flyktingane som vert busette. Tiltak skal vere innanfor ramma av tilskotsordningane, men kan setjast i verk i forkant dersom utbetalinga av tilskota er forsinka. Auka inntekter og utgifter som følgje av auka busetting vert å korrigere i budsjettet for 2022.
6. Volda kommunestyre viser til at krigen i Ukraina med stor tilstrøyming av flyktingar til landet har medført ein ekstraordinær situasjon. Det vert derfor forventa at staten må vere dynamisk og gjere dispensasjonar i lover og forskrifter for at kommunane kan skaffe bustader raskt og kan tilby nødvendige tenester utan forseinking og unødvendige meirkostnader.
7. Volda kommunestyre vil oppmode staten om så langt som råd å gi føreseielege rammevilkår til flyktingarbeidet i kommunane, samt forenkle ekstratilskot til kommunane på ein slik måte at tilskot vert utbetalt raskt utan tungvinde søknadsprosedyrer.

Med helsing

Sonja Håvik
rådgjevar

Dokumenter er elektronisk godkjent og har derfor ikkje signatur.

Mottakar
KS v/Nina Gran

Kopi til
Aina Øyehaug Opsvik
Anne Marte Ådneram
Berit Lyngstad
Elin Høydal Vatne
Gitte Edvardsen
Jarl Martin Møller
Kari Mette Sundgot
Kjell Magne Rindal
Kjell Tore Aarstad
Kristina Kostopoulos
Marianne Solheim
Nav Ørsta Volda
Per Ivar Kongsvik
Svein Berg-Rusten

Vedlegg

Ekstraordinær busetting av flyktningar som følgje av situasjonen i Ukraina
Ny oppmoding og busetjing av flyktningar 2022 - Volda kommune
Alternativ mottaksplass for personar frå Ukraina i målgruppa for mellombels kollektiv
beskyttelse som bur privat